

PROSJEKTARK

Innhold

| | |
|-------------------------|----|
| Askvoll kommune | 2 |
| Bremanger kommune | 3 |
| Eid kommune | 4 |
| Fjaler kommune | 5 |
| Flora kommune | 6 |
| Førde kommune | 8 |
| Gaular kommune | 9 |
| Gloppen kommune | 10 |
| Gulen kommune | 12 |
| Hornindal kommune | 13 |
| Hyllestad kommune | 14 |
| Høyanger kommune | 16 |
| Jølster kommune | 18 |
| Luster kommune | 19 |
| Lærdal kommune | 20 |
| Selje kommune | 23 |
| Sogndal kommune | 24 |
| Solund kommune | 25 |
| Stryn kommune | 26 |
| Vågsøy kommune | 28 |
| Årdal kommune | 29 |

Askvoll kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Busslomme Rivedal – fylkesveg 609

Trafikktryggleiksutfordring:

(Ikke opplyst av kommunen, men sjå kommentar nederst!)

Framlegg til tiltak:

Omlegging av kryss mellom fv. 609 og kommunal veg til Vindheim i Rivedal. Omlegging vil gjere det mogleg å få til rundkjøring for bussar. Der er ei liknande løysing ved E39 ved Mo i Førde kommune.

Tiltaket vil forbetra og sikre skulevegen for 13 elever og er eit svært etterlengta tiltak.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 850 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 637 500,- (75 %) | |

Andre kommentatar Askvoll kommune:

Prosjektet si målsetjing er å få på plass ei løysing som gjev sikker av- og påstiging til buss for elevar i Rivedal. Dagens løysing har hatt fleire «nesten ulukker» ved av- og påstiging buss.

Bremanger kommune

Tiltak/prioritering: Prosjektering av busslomme og gang-/sykkelveg langs fv.571 Hauge - fylkesveg.

Trafikktryggleiksutfordring:

Det har lenge vore eit problem med uryddig trafikk og manglande busslomme på Hauge ved Sparbutikken. Området er regulert i gjeldande reguleringsplan for Hauge, vedteken i sak K-126/93 den 03.11.93. Hauge er senteret i Bremangerbygda, der det er busetnad og skuleborn i eit større område. Hauge har skule/idrettshall/samfunnshus og leikeanlegg 250m vest for krysset mellom Grotlevegen og Bakkane (fv 571) på kartet, og opp til barnehagen er det vel 200m frå krysset, via Bakkane. Dei fleste som skal til og frå skule og barnehage passerer vegkrysset, der det mellom anna er daglegvarebutikk og restaurant i det store bygget vest i kartutsnittet. I austre del av kartutsnittet er det lege- og helsestørtkontor. Plassen ved butikken i vest er eit ope, uryddig område, og det må prosjekterast rabattar og gang-/sykkelveg. Rutebussen kantparkerer i dag i dette området langs fv. 571 nedanfor butikken. Dette gjev uheldige situasjonar ved av- og påstiging og venting på buss.

Framlegg til tiltak:

Trafikkbildet vil bli meir oversiktleg og tryggare når det vert bygt busslomme/gang-sykkelveg på nordsida av fv. 571/Grotlevegen, sjå reguleringsplan. Då unngår ein av- og påstiging ved butikken. Samstundes må det gjerast tiltak for å avgrense trafikkarealet ved butikken, mot fv. 571, og etablerast gang-/sykkelveg. Tiltaket det blir søkt om er detaljprosjektering av nemnde tiltak.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|---------------------|
| - Prosjekteringskostnad, totalt eks. mva.: | kr. 300 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 225 000,- (75%) |

Eid kommune

Tiltak/prioritering: Lyssetting av fotgjengarovergangar – kommunale vgar

Trafikktryggleiksutfordring:

Kommunen har mange fotgjengarovergangar sentralt i Nordfjordeid som manglar belysning. Mange av desse er mykje nytta av barn og unge på veg til barnehage, skule og aktivitetar på fritida. Utfordringa er å synleggjere overgangar og mjuke trafikantar for køyrande.

Framlegg til tiltak:

Eid kommune ønskjer å trygge alle fotgjengarovergangar som naturleg vert nytta av barn og unge på skuleveg og område med fritidsaktivitetar retta mot barn og unge utanom skuletid.

Ein viktig lekk i dette tryggingsarbeidet er god lyssetting til markering av fotgjengarfelt.

I samband med av-/påstigning buss vert også lyssetting av busslommer ved skular på Eid og Hjelle prioritert.

Gjennomføring som eit samla tiltak relatert til fem kommunale vgar nr. 1100, 1300, 1330, 1350 og 9010.

Tiltaket omfattar tilknyting og framlegging straumkabel med naudsynt grøftearbeid, graving for og montasje fundament samt komplett levert/montert mast med LED lys.

Naudsynt administrasjonskostnad, rigg, skiltplan og arbeidsvarsling er og ein del av tiltaket.

Anleggskostnad/søknad:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 917 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 688 000,- (75 %) | |

Fjaler kommune

Tiltak/prioritering: Trafikkavvikling ved Dingemoen nye 1-10 skule - kommuneveg

Trafikktryggleiksutfordring:

«Fjaler kommune har vedtatt å bygge ny 1-10 skule på Dingemoen som skal erstatte gamle Dingemoen barneskule og Fjaler ungdomskule. Noverande trafikkløysing og parkering er ikke tilrettelagt for utvidingar og ny plan for trygg trafikkavvikling er utarbeidd. Planlegging og prosjektering av ny løysing vart finansiert med trafikktryggleiksmidlar og kommunale midlar over budsjett i 2018. Gjennomføring av planen med bygging av terminalløysing for buss, parkeringsareal, og oppstillingsplass for av/på stigning skal gjennomførast i forkant av skuleutbygginga. Dette med hensyn på trygg trafikkavvikling og behov for parkeringsarealet også under bygging av ny skule samtidig som det er drift på barneskuletrinna.

Fjaler kommune har løyvd pengar til bygging av ny skule. Gjennomføring av planlagde terminalløysing skal gjennomførast i forkant av skuleutbygginga og søker fylkeskommunale trafikktryggleiksmidlar til gjennomføring av prosjektet. Kommunen søker derfor fylkeskommunale midlar til gjennomføring av planlagde terminalløysing for å sikre at denne kan byggast i forkant av bygging av ny 1-10 skulen.»

Framlegg til tiltak:

«Fjaler kommuene vil bygge terminalløysing for buss, parkeringsareal, fortau, og areal for av/påstining tilrettelagt for ny 1-10 skule. Løysinga er tilpassa planlagt utvikling med gang og sykkelveg langs Fv. 57, frå Dingemoen til Håland. Tiltaket er gjennomarbeida med ulike løysingsforslag, uttale og innspel frå brukarane ved skulane/ oppvekstsektoren, valgt løysing, gjennomgått og godkjent av TS revisor og detaljprosjektert, klar for utføring etter tilbudsrunde. Tiltaket kan gjennomførast på 8-10 månader med utlysing, kontrahering og ferdigstillelse.

Alle behov for grunnerverv er ivaretatt i følge avtalar med dagens grunneigar. Reguleringsplanen er under utarbeiding og vert lagt til offentleg ettersyn nov/desember2018. Tiltaket er klar til utlysing for gjennomføring forutsatt finansiering og vedtak av reguleringsplan (februar 2019).»

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 6 573 000,-
- Søknadssum: kr. 4 930 000,- (75 %)

Flora kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Trafikktryggingsplan for Flora kommune 2020-2027

Trafikktryggleiksutfordring:

Dagens trafikktryggingsplan for Flora kommune gjeld fra 2013-2020. Mange av tiltaka er gjennomførte og det er behov for å kartlegge nye tiltak som kan betre trafikktryggleiken. Flora kommune ønskjer å revidere gjeldane plan og lage ein ny trafikktryggingsplan for Flora kommune som gjeld fra 2020-2027. Ein gyldig trafikktryggingsplan er mellom anna nødvendig for å søke om trafikktryggingsmidlar i kommunane fra fylkestrafikktryggingsutvalet.

Framlegg til tiltak:

Flora kommune ønskjer å revidere dagens trafikktryggingsplan og lage ein ny trafikktryggingsplan for Flora kommune som gjeld fra 2020-2027.

Tiltaket vil innebere:

- Planen omfattar alle riks-, fylkes- og kommunale vegar i kommunen.
- Engasjering av rådgivningsfirma som sekretær/konsulent.
- Kunngjering av planlegging i aviser.
- Utsending av brev med oppmoding om innspel om arbeid innan trafikktrygging til instansar og organisasjonar med interesser i planarbeidet.
- Sende planen ut på høyring.
- Ferdigstille trafikktryggingsplanen.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 500 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 375 000,- (75%) | |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Sørgardfeltet i Eikefjord – Intensivbelysning og fartshump - fylkesveg 542 – kommunal veg 1657

Trafikktryggleiksutfordring:

Hausten 2018 har Flora kommune bygd fortau og kantstopp for buss på begge sider av FV 542 ved Sørgardfeltet i Eikefjord. Det er lagt trekkerør og sett opp fundament for intensivbelysning for krysningspunkt over fylkesvegen og krysningspunkt over den kommunale vegen fra gangveg. Dette er busshaldplass nytta av skulelevar.

Det var planlagt å etablere intensivbelysning i 2018, men det var ikkje midlar til dette.

Framlegg til tiltak:

Flora kommune ønskjer å sette opp intensivbelysning i krysningspunktene over den kommunale og den fylkeskommunale vegen. I tillegg er det ønskeleg med fartshump i krysningspunktet over den kommunale vegen. Det er behov for fire stolpar med armatur og kablar for intensivbelysning.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 115 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 86 250,- (75%) | |

Nr. 3: Tiltak/prioritering: 2 stk. mobile fartsmålarar og trafikkteljar med fartstavle.

Trafikktryggleiksutfordring:

Generelt køyrer bilistar litt fortare enn fartsgrensa. Henting og bringing i skule og barnehage er kaotisk.

Framlegg til tiltak:

Flora kommune ønskjer å gå til innkjøp av 2 mobile fartsmålarar med ledskilt. Fartsmålarane måler hastigheten på bilar. Fartstavle viser fartsgrense på staden og hastigheten til bilane i sanntid. Fartsmålaren kan telle tal bilar som passerar. Fartsmålarane med skilt er mobile og planen er å plassere dei på ulike vegar ved behov. Spesielt i områder rundt skular og barnehagar. Tiltaket vil gjere bilistar oppmerksame og bevisste på eigen hastighet. Det kan brukast til å kartlegge behov for fartsdempande tiltak og effekten av desse etter tiltaket er gjennomført.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 220 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 165 000,- (75%) |

Nr. 4: Tiltak/prioritering: Fartsdempande tiltak Nordnesvegen**Trafikktryggleiksutfordring:**

Kommunal veg gjennom boligområde. Vegen er om lag 600 meter lang og har tre rette strekker utan kurver. Fartsnivået er opplevd som høyare enn fartsgrense.

Framlegg til tiltak:

Flora kommune ønsker gjennomføre fartsdempande tiltak i Nordnesvegen. Enten gjennom fartshumpar eller innsnevring av vegbana.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 160 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 120 000,- (75%) |

Nr. 5: Tiltak/prioritering: Gang og sykkelveg ved Florø Sjukehus – fylkesveg 545**Trafikktryggleiksutfordring:**

I løpet av 2018 har Flora kommune bygd ein gang- og sykkelveg (GS-veg) frå Kinnvegen til Florø barneskule. Gang- og sykkelvegen går gjennom sjukehusparken. GS-vegen er mykje brukt av elevar på barneskulen og turgåarar.

Ufordringa er at ein i dag må gå gjennom ein parkeringsplass for å komme seg frå Kinnvegen og inn på GS-vegen.

Framlegg til tiltak:

Flora kommune ønsker å bygge ein avstikkar til GS-vegen gjennom sjukehusparken. Denne skal komme lengre sør slik at fotgjengrarar, som kjem frå sør eller skal sørover langs Kinnvegen, slepp å gå gjennom parkeringsplassen for å gå til den ekisterande GS-vegen gjennom sjukehusparken. Lengd på avstikkaren er ca. 100 meter.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 950 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 712 000,- (75%) |

Førde kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Opprusting av gang-/sykkelveg i Hundvebakkegelelet – kommunal veg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Vegen er ein del av gamlevegen til Florø, bygd i 1919, og manglar gatelys, mangelfull sikring/rekkverk, og dårlig vegdekke.

Framlegg til tiltak:

Montere nytt gatelys, skifte ut stabbesteinlar med rekkverk på utsette stader, ogreasflatere delar av den 800 m lange skulevegen til Førde barneskule.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 1 000 000,-
- Søknadssum: kr. 500 000,- (50 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Opprusting av gangsti Hatlehaugen – Tefrevegen – kommunal veg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Grus/gangsti som er mykje brukt av skulebarn i Vieåsenområdet på veg til Slåtten skule. Gangstien er om lag 200 m lang, i dels bratt terren.

Framlegg til tiltak:

Montere gatelys og asfaltere delar av gangstien.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 600 000,-
- Søknadssum: kr. 300 000,- (50 %)

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Utbetring av tilkomst til Førde barneskule frå Kyrkjevgen – kommunal veg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Dårlig planløsing på parkeringsplass (til Førde kyrkje), og samstundes tilkomst til barneskulen frå Kyrkjevegen.

Framlegg til tiltak:

- Stramme inn avkørysle til parkeringsplass
- Bygge fortau fram til trapp ned til barneskulen
- Montere 2 stk. gatelys

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 400 000,-
- Søknadssum: kr. 200 000,- (50 %)

Gaular kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Veglys Eidevika-Yndestad- fylkesveg 57

Trafikktryggleiksutfordring:

ÅDT 600, fartsgrense 60 km/t, skuleveg og lokal ferdsleåre mellom skulen, kyrkja, samfunnshus og sentrum i Eidevika, ingen veglys, ingen fortau eller vegskulder.

Framlegg til tiltak:

Veglys på strekninga Eidevika – Bygstad skule. Om lag 1100 m veglyslengde.

Kostnad/søknadssum:

- | |
|---|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 1 700 000,- |
| - Søknadssum: kr. 700 000,- (41%) |

Kommentar svv:

Fv. 57 er ein 1-felts veg med to-vegs trafikk (ikkje gul midtlinje). Asfaltert vegbreidde 5,0- 5,5 m. Ikkje grusa skulder, gras/vegetasjon inn til asfaltkant.

Gloppen kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Breim skule - gatelys – kommunal veg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Ved Breim skule på Byrkjelo er det ønske om betre lys på oppstillingsplass for buss. Mange skuleborn nyttar buss til/frå skulen og i dette området for av- og påstiging er det viktig med opplyst areal for å sikre ei trygg trafikkavvikling. Bussar, privatbilar og drosjer nyttar strekningen mykje til kortvarig stogg for av- og påstiging og det vert søkt om ekstra belysning. Spesielt morgen og ettermiddag er det stor trafikk i dette området

Framlegg til tiltak:

Det er planlagt etablert 3 stk nye gatelys langs vegområdet for av- og påstiging. Kartvedlegg syner plan for tiltaket. I tillegg må det etablerast målarskap og grøfter for legging av kabel til eksisterande nett.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|-------------------------------------|----------------------|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: | kr. 210 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 126 000,- (60 %) |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Vereide Utviklingslag – redusert fartsgrense 40 km/t – kom. veg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Redusere fartsgrense.

Redusere fartsgrense frå 50 km/t til 40 km/t. Etablere fartsdempande tiltak (fartshumper) på enkelte punkt vil bli vurdert seinare dersom det syner seg at det vert behov for dette (gjennomføre fartsmålinger for å evt. dokumentere eit behov for fartsdemping. Kostnader til fartsdemparar er ikkje tatt med i søknaden). Strekningen som vi vurderer bør skiltast 40 km/t er frå Andenes (kryss der midtvegen kjem inn på Nordstrandsvegen) til krysset ved Nordstranda og Austrheim barnehage.

Framlegg til tiltak:

Etablere skilt m/skiltfundament, 8 stk

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|-------------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: | kr. 30 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 18 000,- (60 %) |

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Gatelys ved Aske - kommunal veg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Etablere gatelys. Ligg som tiltak i trafikktryggingsplanen

Framlegg til tiltak:

Gjeld etablering av 1 stk gatelys i eit område der skuleborn går på/av bussen.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|-------------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: | kr. 20 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 12 000,- (60 %) |

Nr. 4: Tiltak/prioritering: Gatelys Ommedal – fylkesveg 691 og kommunal veg 33

Trafikksikkerheitsutfordring:

Etablere gatelys. Ligg som tiltak i trafikktryggingsplanen

Framlegg til tiltak:

Gjeld gatelys langs ei strekning på fv.691og communal veg (kv 33). Av omsyn til tryggleik til skuleborn, gåande og syklande i området, er det eit ønske at vegstrekningane vert meir opplyst. Dei mjuke trafikkantane bruker same vegbane som bilistane. Det er planlagt 15 nye gatelys inkl. oppgradering av gamle.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 310 000,-
- Søknadssum: kr. 232 500,- (75 %)

Nr. 5: Tiltak/prioritering: Gatelys Vereide – kommuneveg

Trafikksikkerheitsutfordring:

Etablere gatelys. Ligg som tiltak i trafikktryggingsplanen

Framlegg til tiltak:

Gjeld innkjøp og montering av 9 stk LED gatelys for å betre lysforholda i eit område som det ferdast mykje ungar. Området er eit knutepunkt/kryss der det er ein god del trafikk.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 60 000,-
- Søknadssum: kr. 45 000,- (75 %)

Gulen kommune

Tiltak/prioritering: Avlaupssanering samt gang- og sykkelveg Nesevågen

Trafikktryggleiksutfordring:

Mellom Nesevågen og Byrknes barnehage og skule er det pr. i dag gangveg på strekninga «Krambua» - skulen. Den kommunale vegen over Søre Garden mellom «Krambua» og Nesevågen har ikke gang- og sykkelveg, og er relativ smal (mindre enn 3,0m). Total lengde på strekninga er ca. 500m.

Trafikken er aukande, og det er lagt opp til fleire nye bustadtomtar langs med vegen.

Byrknes barnehage og skule ynskjer at det vert sett i gang tiltak for å gjøre skulevegen tryggare for elevane som går eller syklar til skulen.

Vegen er og einaste naturlege «gangveg» frå Nesevågen til butikken og eldresenteret

Tiltaket vart i analyse for prioriteringar i samband med handlingsplan til trafikktryggingsplan gitt høgste prioritet (10p) med tanke på plassering i grenda Byrknes, samt at det vedkjem trygg skuleveg, men grunna kostnad/planlegging har det fått noko lågare prioritet.

Framlegg til tiltak:

Anlegge ny gang- og sykkelveg frå vegkrysset i Nesevågen og ca. 250 m nordover, langs kommunal veg. Breidde 2,0 m.

Tiltaket er planlagt utført samstundes med sanering av avlaup og legging av trekkerøyr for kabel (BKK), samt trekkerøyr for fiber i same trasè.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 1 600 000,-
- Søknadssum: kr. 1 200 000,- (75%)

Hornindal kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Fjerning av sikthindring - Jutedalsvegen x rv. 15 kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

I avkøyrsla Jutedalsvegen – kryss rv.15 dannar ein hammar langs rv.15 ei farleg sikthindring for alle trafikantgrupper på Jutedalsvegen. Det fører til at det er svært vanskeleg å sjå bilar som kjem frå Kjøs bru – i retning Styn før ein er heilt framme ved køyrebanekanten til rv.15. Særleg farleg er dette for gåande til busslomma på motsett side av riksvegen, og for landbrukstrafikk (traktor med lesseapparat/tilhengjar/div. landbruksreiskap m.m.). Kommunen fekk avslag på tilsvarende søknad i 2018 – med grunngjeving i at «tiltaket er lite spissa mot skuleveg og miljøet der born ferdast». Dette er kommunen usamdi i. I skuleåret er det kryssande trafikk av skulelevar alle vekedagar, og etter at prosjektet Olden – Innvik vart avslutta tidlegare i år er trafikken langs rv.15 større enn nokon gong.

Framlegg til tiltak:

Sprenge vekk delar av hammaren langs riksvegen, slik at siktkrava vert oppfylt.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 400 000,-
- Søknadssum: kr. 300 000,- (75 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Rekkverk langs delar av Liskogvegen - kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

I det aktuelle området er Liskogvegen smal gjennom bratt lende, og etter ei alvorleg traikkulukke vinteren 2018 vart det konstantert dårleg og mangelfult rekkverk ui ca 250 m lengde. Det kommunale prosjektet omfattar både utviding av vegen og montering av nytt rekkverk, men det blir berre søkt trafikktryggingsmidlar for rekkverket.

Framlegg til tiltak:

Fjerning av eksisterte rekkverk. Innkjøp og montering av nytt rekkverk. Reasfaltering som følge av tiltaket (ikkje med i søknadsgrunnlaget).

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 200 000,-
- Søknadssum: kr. 150 000,- (75%)

Hyllestad kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Rysjedalsvika kai – Indrefjord – montering av rekkverk – fv.62

Trafikktryggleiksutfordring:

Fylkesveg 62 ligg inne på prioritert liste i trafikktryggingsplanen for Hyllestad kommune. FV-62 er i dag ein viktig veg for transport til og frå fleire verksemder i området. Spesielt er å nemne Veidekke AS sitt anlegg på Sognnes. Vegen er smal og det er ikkje sikring frå vegen mot sjøen med rekkverk. Her er fleire større køyretøy kvar dag køyrer til dei ulike næringsverksemndene. I tillegg er dette skuleveg/barnehage for born frå Nesje og Indrefjorden.

Framlegg til tiltak:

Primært har ein no fokus på sikring mot sjø, men vegen er smal og lite tenleg som veg til industriområde. Prosjektet er planlagt for heile Fv-62 til Indrefjorden, men er i søknadsamanheng delt i 2 prosjekt grunna stor kostnad.

1. Rysjedalsvika kai- Rysjedalsvågen 1060 m. 3 parsellar i området frå Rysjedalsvika kai til Rysjedalsvågen:

Kostnad: 1060m a kr. 500,- = kr. 530.000,-. Søknad år 1 kr. 400.000,-(avrunda)

2. Rysjedalsvågen - Indrefjord 950 m. Ein parsell i området frå Rysjedalsvågen til Indrefjorden

Kostnad: 950m a kr. 500,- = kr. 475.000,-. Søknad år 2 kr. 360.000,-(avrunda)

Anleggskostnad/søknad:

- | | |
|------------------------------|----------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 530 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 400 000,- (75 %) |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Søknad om tilskot til utarbeiding av trafikktryggingsplan

Trafikktryggleiksutfordring:

Hyllestad kommune sin eksisterande trafikktryggingsplan hadde funksjonstid frå 2012 – 2015. Det er behov for å utarbeide ein ny plan for trafikktryggingsarbeidet i Hyllestad. Planen vil bli utarbeidd som ein temaplan, men ein vil i stor grad handsame planen i samsvar med plan og bygningslova sine retningsliner når det gjeld varsling og høyring.

Planen vil ha slikt innhold.

1. Innleiing, bakgrunn og rammer 1.1 Bakgrunn for kommunal trafikktryggingsplan 1.2 Aktørar i trafikktryggingsarbeidet 1.3 Plangruppe 1.4 Trafikktryggingsplanen og anna planarbeid 1.5 Lover og forskrifter

2. Visjon og målsetjing

3. Organisering av trafikktryggleiksarbeidet 3.1 Opplæring og informasjon 3.2 Kontroll og overvaking

4. Registreringar og problemstillingar 4.1 Om trafikktrygging generelt og situasjonen i fylket 4.2 Omfanget av ulukker på vegnettet i Hyllestad kommune 4.3 Trafikkfarlege stader i Hyllestad kommune 4.4 Ulukkesårsaker

5. Tiltak-vurderingar/prioritering

6. Administrative og budsjettmessige konsekvensar

7. Handlingsdel(som vedlegg til planen)

Kostnad/søknad:

- | | |
|-----------------------|---------------------|
| - Kostnad, eks. mva.: | kr. 75 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 60 000,- (80 %) |

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Nye veglys på Sørbøvåg – fylkesveg 65

Trafikktryggleiksutfordring:

I Sørbøvåg er det mange veglys frå før 1980. Desse må bytast ut grunna PCB i reaktor/kondensator. Elles er dei andre veglysa og av eldre modell, som er utfordrande å få bytta. Totalt er det 40 lyspunkt i dette området som ein ynskjer å bytte.

Framlegg til tiltak:

Me ynskjer på bakgrunn av dei utdaterte gatelysa som synt til over, vert skifta ut med nye LED armatur, slik at ein får lyst oppatt desse punkta og samtidig få ei meir energieffektiv drift.

Kostnad/søknad:

- | | |
|-----------------------|----------------------|
| - Kostnad, eks. mva.: | kr. 400 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 300 000,- (75 %) |

Høyanger kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Sikringsrekkeverk - kommunal veg.

Trafikktryggleiksutfordring:

DELTILTAK A - Høyanger sentrum.

Gangbrua mellom Storgata og Sæbøsida over Daleelva i Høyanger sentrum har ikkje tilfredstillande rekkeverk. Det er blant anna for lågt, for stor opning mellom spiler, ymse skader, osv. Brua er mykje nyttå til skuleveg og binder saman bustadområde på søraustsida av Daleelva med skule, idrett -og bustadområde på nordvestsida. Dårleg tilstand har ein direkte konsekvens ved at det er utrygt å krysse bru, samt ein indirekte konsekvens ved at born og unge i større grad blir køyrt til skulen (trafikkfarlege situasjonar med mykje biltrafikk ved henting/bringing), eller vel å gå andre trasear.

DELTILTAK B - Lavik sentrum.

Kvamsvegen er nyttå som skuleveg for born og unge i Lavik tettstad. Ved to parti på strekninga er det høge skråningar/kulvertar som utgjer fare for gåande/syklande og bilar viss dei kjem utanfor vegbana. Høyanger kommune deltok på folkemøte om trafikktryggleik i Lavik 18. september der spesielt tryggingstiltak langs Kvamsvegen var tema. Sikringsjerde var då eit av tiltaka som vart trekt fram.

Framlegg til tiltak:

DELTILTAK A - Høyanger sentrum:

Skifte ca. 70 meter rekkeverk med 1,2 meter høgt rekkeverk med feste i betong. Rekkverket vil få same utforming/utsjånad som rekkeverk skifta ut i Høyanger sentrum dei siste åra.

DELTILTAK B - Lavik sentrum:

Setje opp sikringsrekkeverk på dei to utsette strekningane. Ca 30 meter totalt.

Kostnad/søknadssum (DELTILTAK A+B):

- Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 400 000,-
- Søknadssum: kr. 300 000,- (75 %)

Nr. 2: Tiltak/prioritering:

- **DELTILTAK A: Gatelys Furevegen og Hålandsneset (Kyrkjebø tettstad) – kom. veg.**
- **DELTILTAK B: Gatelys Sørsidevegen (Ortnevik) – fylkesveg 92.**

Trafikktryggleiksutfordring:

DELTILTAK A - Gatelys Furevegen og Hålandsneset:

Kyrkjebø skule ved rektor og leiar av FAU har ved fleire høve spela inn ønskje om meir lys kring skuleområde/nærliggende gangvegar/køyrevegar for å gi auke tryggleik for born og unge som skal gå/sykle til skule og barnehage på Kyrkjebø.

DELTILTAK B - Gatelys Sørsidevegen (Ortnevik) – fylkesveg 92:

Strekninga på fylkesveg 92 frå Ortnevik ferjekai, forbi bustadområde og til Fagernes manglar gatelys. Det har dei siste par åra blitt oppført ein 4-mannsbustad, samt ein einebustad i byggjefeltet vest for fylkesvegen. Bustadfeltet er nå fullt og er planlagt utvida. Mjuke trafikantar som skal frå bustadfeltet til butikk og ferjekai i Ortnevik går pr. dags dato langs fylkesvegen.

Framlegg til tiltak:

DELTILTAK A - Gatelys Furevegen og Hålandsneset:

I hovudsak ønskjer ein så langt det lar seg gjere å skifte eksisterande armatur til ledarmatur for å oppnå betre lyseffekt i eksisterande lyspunkt. Totalt ønskjer ein å oppgradere 19 lyspunkt (raude punkt på kartutsnitt ovanfor).

DELTILTAK B - Gatelys Sørsidevegen (Ortnevik) – fylkesveg 92:

Høyanger kommune har søkt BKK om å få etablere lyspunkt i eksisterande master. Totalt 4 punkt (raude punkt på kart ovanfor).

Kostnad/søknadssum (DELTILTAK A+B):

- | |
|---|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 240 000,- |
| - Søknadssum: kr. 180 000,- (75 %) |

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Fartsdemparar Kvamsvegen (Lavik), Gulvafaret og Bekkefaret (Høyanger), samt Hellevegen (Kyrkjebø) – kommunale vegar.

Trafikktryggleiksutfordring:

Det er generelt eit ønskje og behov for fartsdemparar i bustadområde der born og unge veks opp, samt i nærleik til skular og barnehagar, der ein opplev ei viss trafikkbelasting. Mjuke trafikkantar opplev trafikktryggleiksituasjonen som utilfredsstillande ved at bilar generelt held for høg fart. Fartsdemparar blir vurdert som eit verkemiddel som gir større effekt m.o.t. fart enn skilting, og liknande.

Høyanger kommune ønskjer i 2019 å få etablert fartsdemperar i;

- Kvamsvegen – Lavik
- Hellevegen – Kyrkjebø
- Gulvafaret – Høyanger
- Bekkefaret Høyanger

Alle desse gatene er relativt lange rette strekningar der ein som sjåfør kan oppleve å ha god oversikt og automatisk held høg fart. Samstundes ligg bustadane tett inntil vegane med fleire private avkjørsler/stikkvegar.

Framlegg til tiltak:

Etablering av fartshumpar.

Kostnad/søknadssum:

- | |
|---|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 200 000,- |
| - Søknadssum: kr. 150 000,- (75 %) |

Jølster kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Tilkomst og trafikkavvikling ved Vassenden skule – kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

Det er trafikkale utfordringar knytt til skulebuss og anna trafikk i og ved skuleområdet. Dette gjev ei særskilt utfordring for dei mjuke trafikantane.

Framlegg til tiltak:

Jølster kommune skal gjennomføre tiltak for å få ein betre tilkomst og trafikkavvikling i og ved skuleområdet.

- Ombygging av hente- og bringeløkke (ca 2300 m²)
- Utviding av- og påstigningslomme langs tilkomstvegen Gjesdalen (ca. 62 m)

Kostnader/søknadssum:

- | | |
|---|--|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 3 000 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 2 250 000,- (75 %) | |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Turveg som gang og sykkelveg mellom Slåtten og Kvammen – kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

E39 mellom Langhaugane og Slåtten er per. i dag sterkt trafikkert og ikkje tilrettelagt for gåande og syklande. Tiltaket som er planlagt gir eit reelt alternativ for mjuke trafikantar.

Framlegg til tiltak:

Etablere turveg til dei mjuke trafikantar.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 800 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 600 000,- (75 %) | |

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Gatelys langs kom. veg v/vegkryss E39 – Årdal ytre kryss.

Trafikktryggleiksutfordring:

Denne strekninga av Årdalsvegen er brukt som skuleveg. Det er fleire barn som går av og på bussen dagleg. I tillegg er denne strekninga tilkomstveg for elevane på vidaregåande skulesom tek bussen ved E39. Vegen er veldig mørk om vinteren. Det er veldig vanskeleg for bilistar å sjå både avkøyrsla og barn som går langs vegen.

Framlegg til tiltak:

Etablere gatelys (5 lyspunkt) for å forbetra trafikksituasjonen, trygghet for skulebarn som går langs vegen.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 160 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 120 000,- (75 %) | |

Luster kommune

Tiltak/prioritering: Etablering fortau og nytt gatelys. inkl. div. grunnarbeid – langs fylkesveg 55

Trafikktryggleiksutfordring:

Luster kommune skal utføre opprusting av Dale sentrum. Byggjeplan for heile strekninga får Luster oppvekstsenter til kryss Bringebakkane er klar, men berre deler av prosjektet vert utført no. Området frå Luster oppvekstsenter til gravplassen er i utgangspunktet ikkje med i denne omgang. Her er et smalt parti der gåande må gå i/ langs fv.55 – fartsgrense 50km/t og heller därleg sikt. Dette er tilkomstveg til Luster oppvekstsenter, både skule, barnehage, samfunnshus og idrettsanlegg.

I andre enden ligg Lustrabui og Joker- butikken med sine tilbod.

I sommarhalvåret er det svært stor trafikk gjennom bygda.

Framlegg til tiltak:

Det er utarbeid reguleringsplan og byggjeplan for Dale sentrum – frå Luster oppvekstsenter til kryss Bringebakkane. Bygging av einsidig busslomme, flytting av kyrkjegardsmur, fortau mellom «Fuhr- huset og kryss Bringbakkane, nytt gatelys og div. v/a- arbeid er lyst ut på tilbod.

På strekninga Luster kommune søker om tilskot – frå kryss Luster oppvekstsenter (barnehage) til gravplassen (ved Fuhr- huset)- er det planlagt fortau langs fv.55. Det skal monterast nytt gatelys med LED - armaturar, og Forbi «Fuhr- huset» må ein hekk fjernast og nytt gjerde byggjast.

For å kunne bygge fortau må det leggast ein del lukka drenering – overvassrør og sandfangkummar.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|---|--|
| - Anleggskostnad, totalt eks. mva.: kr. 1 007 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 755 250,- (75 %) | |

Lærdal kommune

Tiltak/prioritering: Gjennomføring Trafikkplan Oppvekst Lærdalsøyri – kom. vegar

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

Lærdalsøyri skule i Lærdal er den største skulen i kommunen, og den einaste ungdomsskulen. Dei fleste elevane i kommunen går på denne skulen. Lærdalsøyri barnehage, som er den største barnehagen i kommunen, ligg rett ved. Det er og idrettsanlegg og idrettshall rett ved skulen, slik at området har stor aktivitet både på dagtid og kveldstid. Rundt skulen og barnehagen har det i mange år vore eit svært utfordrande trafikkbilete, og dette har aktualisert seg under utbygginga av eit større bustadområde rett ved, i tillegg til nedlegging av Ljøsne skule, som har kravd fleire bussar til Lærdalsøyri skule og eit større elevtal. Det er ingen plass for drop-off kring skulen, noko som gjer at borna vert sett av ute i vegen, og må krysse bilveg, parkerte bilar og bussar til skuleområdet. Det er lite parkeringsplassar rett ved skulen, desse er stort sett opptekne.

Buss-stoppeplassen er for kort, så den siste bussen må stå halvvegs ute i vegen når den skal sleppe av elevane. Det er berre fortau rett forbi skulen, og dette er for smalt, og er svært humpete og ikkje universelt utforma. Vegbreidda er for smal, slik at skulebussen på eit par punkt må stoppe dersom dei møter bilar.

Kryss i området er farleg utforma, med ingen tilrettelagde kryssingar for mjuke trafikantar. Dette gjeld spesielt krysset ved sjukeheimen (Hansegardsvegen/Skulevegen). Svært mange elevar må gjennom dette krysset på veg til/frå skulen, og her møtest også 4 køyrevegar.

Utbygging av bustadområde rett ved skuleområdet har aktualisert behovet for fleire gangfelt bort til skuleområdet, over Skulevegen.

Barnehagen har dører rett ut mot vegen, og har behov for tryggleiksgjerde mellom dørene og køyrevegen. Dei har og behov for ny varelevering, slik at varetransporten ikkje treng rygge og parkere midt i leveringssona til barnehageborna. Her er og behov for fleire gangfelt.

Det er behov for fartsdemparar i området, og betre skilting. Området bær preg av for lite heilskapleg planlegging, difor utdatert skilting, og trinnvise tiltak som har pågått over mange år, og som gjerne ikkje høyrer heilt saman. Området har därleg universell utforming, med mange høge kantar og lite merking for parkeringsplassar for rørslehemma.

Det er på høg tid at området får etterlengta merksemnd. Kommunestyret har sett området på første prioritet i Kommunedelplan for Trafikktryggleik 2018 – 2021. Planen vart vedteken i september 2018, og med det vedtok kommunestyret å sette ned ei Trafikktryggingsgruppe som skulle jobbe fram ein heilskapleg Trafikkplan for Oppvekst Lærdalsøyri, som skulle vere ein heilskapleg plan for tiltak for å betre trafikktryggleiken i området kring skule og barnehage på Lærdalsøyri. Formannskapet vedtok denne planen i møte 13.12.18.

I e-post daterte 07.01.2019 skriv kommunen følgjande:

Viser til tidlegare innsendt søknad om TIK-midlar for 2019 og Kostnadskalkyle. Kostnadskalkyle for heile prosjektet samla er 6,772,889 kr. eksl. avgifter. Kommunen ynskjer å fordele kostnadane over 2 år, forutsett at ein då i tillegg mottek TIK-midlar.

Fyrste trinn av prosjektet er å etablere «Drop-off-sone» ved skulen og fartsdemparar i Skulevegen og ny parkeringsplass på skuleområdet (jf. Trafikkplan Oppvekst Lærdalsøyri). Desse tiltaka vert sett på som dei viktigaste tiltaka i planen for å betre trafikktryggleiken kring skuleområdet. Den nye parkeringsplassen på skuleområdet, gjer at det vert ei oversiktleg inn- og utkjøring, i staden for langsgående parkering over ein større strekning, som fører til mykje rygging i Skulevegen.

Framlegg til tiltak:

(Gi ein fullstendig framstilling av tiltaket ein ønskjer utført. Ikkje vis til vedlegg!)

- Etablere kiss&ride-sone ved skulen, med trygg av og påstigning på begge sider av bilen.
- Flytte parkeringsarealet som i dag er tilknytt bussarealet til sjølvstendig parkeringsarealet heilt vest i skuleområdet. Dette fører til at ingen treng rygge ut i Skulevegen som i dag, og ein får ei samla utkjørsle frå parkeringsarealet, i staden for parkeringsarealet langs

Skulevegen der dei køyrande må rygge ut i Skulevegen over eit lenger strekk.
Parkeringsarealet vert og utvida til fleire parkeringsplassar.

- Etablere meir konsentrert sykkelparkering med sykkelkur. I dag ligg syklar slengd over «alt». Dette fører til meir oversiktlegheit i skuleområdet, og ryddigheit og oversiktlegheit skapar eit meir oversiktlegrat trafikkbilete i området.
- Etablere tryggleiksgjerde mellom skuleområdet og Skulevegen.
- Etablere oppheva gangfelt i Skulevegen frå Einemomarki bustadområde
- Etablere intensivbelysning i kiss&ride-sone, i tillegg til oppheva gangfelt rett ved.
- Etablere utvida køyreveg på eit par tronge punkt.
- Etablere breiare fortau, og fortau som er nedsenka i innkøyringane til private innkøyrsler, i staden for høge steinkantar på alle innkøyrsler.
- Etablere betre universell utforming av parkeringsareal og fortau.
- Etablere fortau lenger opp (austover) i Skulevegen, slik at mjuke trafikantar kan ferdast trygt gjennom krysset ved Lærdalsøyri bu- og omsorgsheim (sjukeheimen) ved Hansegardsvegen/Skulevegen. Etablere oppheva kryssområde, og gangfelt, slik at kryssing frå Hansegardsvegen over til Skulevegen foregår trygt.
- Etablere fortau i Hansegardsvegen
- Etablere fortau og 2 fartsdemparar i Einemovegen
- Etablere fortau ved parkeringsareal ved idrettsanlegget (rett ved barnehagen), og merking av parkeringsplassar.
- Etablere fartsdempar ved inngangspartiet til barnehagen og tilrettelagd kryssing frå Einemomarki bustadområde.
- Etablere ny vareleveringssone utanfor barnehagen
- Etablere gangsti over grøntarealet, for trygg kryssing frå Einemovegen til Skulevegen.

Revidert søknad:

I skriv datert 18.01.2019 har kommunen fremja einrevidert søknad. Her skriv kommunen:

Viser til samtale fredag 11.01.19, der kommunen samtykka i å lage eit eige delprosjekt for søknad om TIK-midlar for 2019.

Lærdal kommune søker med dette om TIK-midlar til DELPROSJEKT 1 for opparbeiding og gjennomføring av trafikktryggingstiltak ved Lærdalsøyri skule og barnehage. Delprosjekt 1 er gjennomføring av Kiss & Ride – sone og flytting og utviding av bussparkeringsplassen utanfor Lærdalsøyri skule. Dette er tiltaka i tidlegare innsendt Trafikkplan med kostnadskalkyle som hastar mest, og som kommunen vurderer at gjev størst vinst fo trafikktryggleiken i området.

Kostnad/søknadssum (etter revidert søknad):

- Kostnadskalkyle for delprosjekt 1: kr. 683 000,-
- Søknadssum: kr. 410 000,- (60%)

Naustdal kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Anlegg for å sette av- og å hente born ved Naustdal skule

Trafikktryggleiksutfordring:

Problemet er klassisk vond sirkel: For mange kører born til Naustdal skule. Situasjonen opplevest smått kaotisk, og endå fleire vel å køyre, for å ha kontroll.

Ved utbygging av skulen var det planlagt såkalla kyss og kør- anlegg nord for Tunavegen, ved kryss mot Berrvellene. [Trafikkvurdering fra reguleringsprosess er å finne her.](#) Av ulike årsaker vart dette anlegget ikkje bygt då, det vart satsa på eit arrangement i tilknyting til ny parkeringsplass ved skulen. Erfaringane med denne løysinga er ikkje tilfredsstillande. Anlegget er kanskje ikkje intuitivt nok, og trafikken i Berrvellene vert opplevd å vere for stor.

Framlegg til tiltak:

Tiltaket er eit anlegg for å få stoppa trafikk for levering og henting ved skulen, slik at bilar ikkje kører inn på Berrvellene med dette formålet.

Fyrste delmål i betre sirkel er oversiktleg og trygg trafikksituasjon i Berrvellene, den nære skulevegen.

Andre delmål er redusert biltrafikk med formål levering og henting ved skulen totalt sett, med bakgrunn i trygg situasjon ved skulen.

Omtale og illustrasjon henta frå [planomtale](#) for områderegulering NBU:

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 1 800 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 1 340 000,- (74 %) | |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Opprusting stinett sentrum aust, med prosesskostnad og lysanlegg

Trafikktryggleiksutfordring:

Problemet er blanda trafikk i dei større byggefelta aust om i elva i Naustdal. Helgåsvegen fungerer som samleveg i feltet. Vegen er bratt, og har dårlig standard med omsyn til breidde og kurvatur. Det er ikkje eige anlegg for gåande eller syklende

Framlegg til tiltak:

Tiltaket går på opprusting av stiar i området, med sikte på å oppnå separasjon av gåande, og kanskje syklende, frå køyrande. Initiativ frå foreldre har vore sentralt ved utvikling av prosjektet. Det blir primært satsa på oppgradering av eksisterande stiar.

Kommunen vurderer at utbetring og sikring av stinett på strategiske plassar, og lyssetting av stiar vil vere eigna til å få auka bruk av stinettet, og få mindre trafikk av mjuke trafikantar på køyrevegar. Nokre strekningar bør få oppgradert dekke.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 680 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 510 000,- (75 %) | |

Selje kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Reguleringsarbeid for gang-sykkelvei/fortau langs fv.618

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

Stor trafikk gåande og syklande innover mot Hammarsvik/Hamre skjer i dag på fylkesvegen (fv.618), og skaper ein del trafikkfarlege situasjonar. Denne strekninga av fv.618 er hovudvegen inntil Selje sentrum frå sør og aust, og har til tider stor trafikk.

Framlegg til tiltak:

Planen er å anlegge gang-/sykkelveg/fortau langs den aktuelle strekninga, noko som vil få dei mijuke trafikkantane bort frå fylkesvegen. Som første trinn vil Selje kommune lage reguleringsplan pga. krav sett i siste søknad (TIK 2018). Det vert søkt om midlar til regulering av gang- og sykkelveg langs fv.618 (se vedlagt kart). Gang- og sykkelvegen blir sirk ca 1,57 km. lang. I samband med reguleringsarbeidet må vi pårekna kvikkleireundersøking i deler av traseen pga. at denne ligger innanfor marinegrenser.

Selje kommune søkte om midlar til dette tiltaket siste år (bygging av gang- sykkelveg) og fikk krav om reguleringsplan og vil derfor søke om midlar til reguleringsarbeidet i år.

Kommunen har siste 10-15 åra, med bakgrunn i godkjent trafikktryggingsplan, m.a. gjennomført bygging av gang- og sykkelveg langs fv. 620 på Leikanger på Stadlandet utan vedteken reguleringsplan.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|-----------------------|---------------------|
| - Kostnad, eks. mva.: | kr. 672 500,- |
| - Søknadssum: | kr. 504 375,- (75%) |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Reguleringsarbeid for gang- sykkelveg / fortau langs fv. 620

Framstilling av trafikktryggleiksutfordringa:

Stor trafikk av gåande og syklande mellom byggefelt og skule/sentrum skjer i dag på den til tider sterkt trafikkert fylkesvegen(fv.620), og det har oppstått ein del trafikkfarlege situasjonar.

Framlegg til tiltak:

Planen er å anlegge gang-/sykkelveg/fortau langs den aktuelle strekninga, noko som vil få dei mijuke trafikkantane bort frå fylkesvegen. Som første trinn vil Selje kommune lage reguleringsplan pga. krav sett i siste søknad (TIK 2018).

Det vert søkt om midlar til regulering av gang- og sykkelvei langs fv.620 (se vedlagt kart). Gang- og sykkelvegen blir sirk ca 1,3 km lang.

Dette er ein allereie påbegynt gang- og sykkelveg langs fv. 620 på Leikanger på Stadlandet. Etappevis utbygging av vegen vart starta opp kring 2005 med oppstart ved Stadlandet skule.

Tiltaket har vore svært suksessrikt og har hatt svært god effekt i høve trafikksikkerheit.

Til saman er det i desse åra bygd om lag 800 m gang- og sykkelveg på denne strekninga.

Selje kommune søkte om midlar til dette tiltaket siste år (bygging av gang- sykkelveg) og fekk krav om reguleringsplan og vil derfor søke om midlar til reguleringsarbeidet i år.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 173 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 129 750,- (75%) |

Sogndal kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Fartsdump/intensivbelysning Kjørnes barnehage – kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

Ved Kjørnes barnehage er det i dag ein fotgengarovergang som vert nytta svært mykje i samband med levering og henting av born i barnehagen. Det er slik, at det ofte kan vere stressande for foreldre å hente og levre i barnehage før og etter arbeid, og at ein liten fort kan springe ut i vegen før mor eller far er heilt klar. Sogndal kommune ynskjer å betre tryggleiken ved kryssing på dette punktet.

Framlegg til tiltak:

Vi ynskjer å lage ein fartsdump med intensivbelysning

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 104 000,- | |
| - Søknadssum: kr. 78 000,- (75 %) | |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Buss-stopp Kjørnes - kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

Langs vegen opp til Stølen på Kjørnes er det ikkje ein tilfredsstillande busstopp. Problemet vart teke opp på ei befaring på staden som var mellom Sogndal kommune, samferdselavdelinga i Sogn og Fjordane, Tide Buss og Statens vegvesen våren 2018.

Når bussen stoppar for å ta på eller sleppe av skulelevar må bussen stoppe i vegen, dette medfører problem for passerande trafikk og det oppstår lett uoversiktlege situasjonar der passasjerar kryssar framom eller bakom bussen.

Framlegg til tiltak:

For å betre på situasjonen ynskjer Sogndal kommune at det vert opparbeida ein busslomme på dette punktet. Dette for å få bussen ut av vegen og det vert meir oversiktleg for buss-sjåfør og av og på stigande samt anna trafikk på staden

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 202 250,- | |
| - Søknadssum: kr. 151 687,- (75 %) | |

Nr. 3: Tiltak/prioritering: Oppgradering gangveg Vesterland Shell - kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

Gangvegen mellom Vesterland og Shell på Kaupanger vert nytta som gangveg då det ikkje er gangveg langs rv.5 på denne strekninga. I periodar med nedbør vert vegen liggande under vatn, dette medfører at vegen ikkje vert nytta i desse periodane, denne situasjonen ynskjer ein å få betra på.

Framlegg til tiltak:

For å betre på situasjonen ynskjer Sogndal kommune å sprengje for grøfter, legge ned stikkrenner og heve vegen der den ligg så lågt at vatnet står over vegen.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 359 400,- | |
| - Søknadssum: kr. 269 550,- (75 %) | |

Solund kommune

Nr.1: Tiltak/prioritering: Veglys i Rørdalen – fylkesveg 31

Trafikktryggleiksutfordring:

I området er det skuleborn som ventar på skuleskyss. Vegen i området er svingete, smal og lite oversiktleg. Fartsgrensa er 80 km/t. Der er heller ikkje veglys. Personer langs vegen er lite synlege for sjåførar.

Framlegg til tiltak:

Dersom ein set opp veglys langs vegen, vil personer på bussventeplass vere meir synleg for dei som kører langs vegstrekninga. Det vil og trygge dei som går langs fylkesvegen i buområdet.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 120 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 90 000,- (75 %) |

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Venteskur for mindreårige born i Søre Hjønnevåg - kommunal veg.

Trafikktryggleiksutfordring:

I området er det skuleborn som ventar på skuleskyss. Vegen i området er svingete, smal og lite oversiktleg. Fartsgrensa er 80 km/t. Der er starta opp eit prosjekt for veglys i området. Der er fleire mindreårige barn som tek skulebuss til barnehage/skule. Stoppet er det fyrste i skuleruta om morgonen. Til no har skulebuss snudd ved brannstasjon i Søre Hjønnevåg. Ungane kjem på bussen her etter at dei venter på bussen tilfeldig plassert på utkjørsel for brannbil. Der er og oppstilt brøytetractor for brøyteberedskap. Frå plassen ut forbi brannstasjon er det innkjørsel for 2 bolighus og ein fritidshus. Utfordringa er å lage eit område som er trygt for skuleborna, slik at det ikkje oppstår farlige situasjonar ved henting av barna. Bussførarane har ulik køyrestil og køyremønster. Det gjer det forvirrande for ungane korleis bussen vert snudd kvar dag. Gjeld communal veg.

Framlegg til tiltak:

Dersom ein bygger eit leskur langs vegen sør forbi brannstasjon, må bussen køyre til enden av vegen før den snur. Skuleungane vil ha ein trygg og fast plass kor dei kan vente på bussen. Det vil og vere meir oversiktlig for førarane, når det vert ein fast stoppeplass. Der er heller ikkje skilta med busstopp (opplysingsskilt 512) her.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 90 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 67 500,- (75 %) |

Stryn kommune

Nr. 1: Tiltak/prioritering: Vikane skule – Trafikktryggingstiltak. Opparbeiding av rundkøring for bussar og bilparkeringsplass – kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

Det er pr. i dag utfordrande for skulebussane å køyre inn på området for av- og påstigning for elevane. På dette området/arealet er det også parkering for dei tilsette, samt at det også er ein del foreldre som leverer/hentar barna på same tidspunktet som skulebussane er på staden. Skulebussane må såleis rygge ein del gongar, med til dels mykje folk rundt på alle kantar. Saka har vore oppe i trafikktryggingsmøter (Statens vegvesen, Firda Billag, Politiet, kommunen, Trygg Trafikk) fleire gonger.

Framlegg til tiltak:

Det er skissert ein ny plan for parkering for tilsette og større plass for bussar, med etablering av rundkøring som vert merka opp med termoplast i staden for fysisk etablering. Val av oppmerking som avgrensning i staden for fysisk rundkøring er på bakgrunn av enklare tilhøve for snørydding. (Det vil likevel vere mogeleg å etablere fysisk rundkøring m/kantsteinsavgrensing på eit seinare tidspunkt dersom dette vert ønskjeleg).

Ein vil nytte dagens avkjørsle frå den kommunale vegen, med ei lita utviding i samsvar med godkjent reguleringsplan for området. For å få ei stor nok rundkøring, vil ein ta i bruk kommunalt eigd areal, pluss at tilgrensande areal med eksist. plen/grøntareal vert nytta som parkeringsplass for tilsette.

Kostnad/søknadssum:

- Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 410 000,-
- Søknadssum: kr. 307 500,- (75%)

Nr. 2: Tiltak/prioritering: Autovern Lindset – Vikalida. Kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

I samband med revisjon av kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle 2017-2020, var det mange kommentarar/ønskjer frå foreldregrupper i området Lunde/Nedreberg/Lindset om betre sikring av den kommunale vegen mellom dette området og Stryn sentrum.

Deira tilkomstveg til Stryn sentrum går via den gamle riksveg 15 som vart overtaken til kommunal veg etter bygging av ny rv 15 i tida rundt 1980.

Her har vokse til med skog langs vegen etter den tid. Men for eit par år sidan vart skogen langs deler av vegen hogt ned av grunneigar, for den delen av vegen nærmast Vikalida/Stryn sentrum. Dette medførte at denne skogen som då stod nær inntil køyrebana og føltest som sikring for vegfarande vart borte.

I samband med utsiktsrydding-prosjekt med tilskotsordning, utførte ein av grunneigarane også mykje skogshogst langs denne vegen på sin teig no sist vinter. Dette vart då utført av den grunneigaren med lengst eigedomsstrekning langs denne vegstrekninga frå Lindset til Vikalida.

Her er i dag litt støypekant med tilfredsstillande høgde, men langs mesteparten av vegen er der no svært dårleg sikring for både bilistar og mykte trafikkantar. Her er litt stabbestein-strekningar inn i mellom, og nokre strekningar med altfor lav støypekant.

Og også ein del strekningar som ikkje har noko sikring.

No er det nyleg utført montering av nytt veglys (hausten 2018 – 640m) langs ein del av denne vegen, og det er no blitt samanhengande veglys langs heile vegen frå Stryn sentrum til avkjørsle frå rv.15 lengst vest på Bergsida. Denne veglysutbygginga vart finansiert av tilskotsmidlar frå ordninga «Gå- og sykkelstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune – midlar til enkle tiltak». Vegen er skuleveg, er mykje brukt av bebruarane i området og som turveg for bebruarar i Stryn sentrum m/omland. Her er også ein del aktivitet av turgåarar/trimmarar (gåande/jogging/sykkel/rulleski) pga. at vegen ligg fint i terrenget med slak stigning/fall og med fin utsikt over fjorden.

Saka om betre sikring av denne vegen har vore oppe i trafikktryggingsmøter (Statens vegvesen, Firda Billag, Politiet, kommunen, Trygg Trafikk) fleire gonger.

Framlegg til tiltak:

Det har vore synfaring med rekkverkfirmaet A.Gjerde AS om pristilbod på nytt autovern langs denne strekninga. Dette pristilbodet ligg som vedlegg. Gjennom prisforespørsel til fleire firma vedkomande autovern, har dette firmaet levert rimelegast tilbod til Stryn kommune dei siste åra.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|---------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 300 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 225 000,- (75%) |

Vågsøy kommune

Tiltak/prioritering: Snuplass boligfelt Holvik i tilknytning til Holvik barnehage kommunal veg

Trafikktryggleiksutfordring:

Holvik barnehage har i dag ca 60 barn som i hovudsak kjøres til og fra. Dette utgjør en betydelig trafikkmengde morgen og ettermiddag. Arealene rundt barnehagen er begrenset og utfordringer med parkering, rygging ut i kommunal vei utgjør en betydelig risiko.

Veien forbi Holvik barnehage, Blomsterdalen er uten snuplass og av den grunn foregår all endring av kjøreretning ved barnehagen.

Utenfor barnehagens behov er det svært viktig å etablere snuplass på enden av veien, da all annen trafikk som: Renovasjonsbil, post, brøyting, vareleveranser, o.a, henvist til å rygge forbi innkjørselen til barnehagen.

Vågsøy kommune har de siste 4 årene vært eier av «Barnehagebussen» som rullerer mellom alle de kommunale barnehagene i kommunen. For at bussen skal kunne ta på og sette av barn og ansatte, må døren på bussen være vendt mot inngangen. Dette medfører at eneste mulighet er å rygge fra nærmeste kryss og til inngang, noe som er svært uheldig.

Framlegg til tiltak:

Blomstedalen har et sterkt behov for snuplass for beboere, renovasjonsbil, vareleveranser, vintervedlikehold, post, barnehagebuss og annen trafikk.

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|--|--|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: kr. 839 750,- | |
| - Søknadssum: kr. 600 000,- (71%) | |

Årdal kommune

Tiltak/prioritering: Nytt Intensivbelysning gangoverfelt – kommunale vegar

Trafikktryggleiksutfordring:

Dårlig lys på fortau og gangfelt inn mot Tangen skule. Dette og for å få ein heilheit i tryggleiken til dei unge med ein god lysbelagt gang og sykkelveg frå Seimsdalen og Årdalstangen til Tangen Skule.

Framlegg til tiltak:

«Nye gatelys fører til at dei mjuke trafikkantane lettare blir sett i mørket når dei ferdast til skulen og idrettsanlegg.»

Kostnad/søknadssum:

- | | |
|------------------------------|-----------------------|
| - Anleggskostnad, eks. mva.: | kr. 240 000,- |
| - Søknadssum: | kr. 240 000,- (100 %) |

Årdal kommune skriv i tillegg følgjande om situasjon ikring tiltaket det er søkt om midlar til:
«Årdal kommune søker om trafikktryggingsmidlar til ny intensivbelysning mellom fylkesveg 303 og communal veg Hydrovegen, intensivbelysning mellom Hæreidsvegen og fylkesveg 303. Me har gjennomført asfaltering på Hæreidsvegen og ordna med fortau biten langs fylkesvegen, men me ser at begge gangfelt ved kryss 303 – Hæreidsvegen og 303 – Hydrovegen trenger nytt intensivbelysning. Dette for at gang-/sykkelvegen mot Tangen skule skal bli tryggare for dei mjuke trafikkantane som kommer frå Seimsdalen og Hæreid, og at dei skal få betre lys.

Opparbeiding av 2 x 2 nye Intensivbelysning er estimert til kr.240.000,- «Nytt asfalt og lys gjort i Hæreidsvegen og Hydrovegen, men manglar Intensivbelysning på 2 viktig kryss ved Fylkesvegen 303. Byggestart kan skje januar 2019. Tiltaket er beskrive i trafikktryggingsplanen»

Svv-kommentarar:

Intensivbelysninga gjeld på Hydrovegen og Hæreidsvegen i kryssa med fylkesveg 303 Seimsdalsvegen.